



2019

HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

1. tertial 2019

INNHALD

0. INNLEIANDE	2
1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	3
1.1 RÅDMANNEN MED STAB:	4
1.2 KULTUR OG OPPVEKST:	4
1.3 HELSE OG OMSORG:.....	4
1.4 TEKNISK	4
2. ØKONOMIPERSPEKTIVET	4
2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SVANGERSKAP OG SJKDOM - HOVUDOVERSYN.....	4
2.1.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	5
2.1.2 KULTUR OG OPPVEKST:	5
2.1.3 HELSE OG OMSORG:	5
2.1.4 TEKNISK.....	5
2.2 ANDRE KOSTNADER	6
2.2.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	6
2.2.2 KULTUR OG OPPVEKST:	6
2.2.3 HELSE OG OMSORG:	6
2.2.4 TEKNISK.....	6
2.2.5 FINANS – ANNA	6
2.3 INNTEKTER	7
2.3.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....	7
2.3.2 KULTUR OG OPPVEKST:	7
2.3.3 HELSE OG OMSORG:	7
2.3.4 TEKNISK.....	7
2.3.5 FINANS - ANNET	7
2.3.6 FRIE INNTEKTER – SKATT OG RAMMETILSKOT	8
2.3.7 EIGEDOMSSKATT	9
2.4 INVESTERINGAR	10
3. SPESIELLE HENDINGAR.....	11
3.1 RÅDMANNEN MED STAB:	11
3.2 KULTUR OG OPPVEKST:	11
3.3 HELSE OG OMSORG:.....	11
3.4 TEKNISK	11
4. VEDTAK.....	12
4.1 KOMMUNESTYRET:.....	12
4.2 FORMANNSKAPET	14
4.3 HOVUDUTVAL FOR LIVSLØP.....	14
5. RÅDMANNEN SINE KONKLUSJONAR PR. 1. TERTIAL	14

5.1	MEDARBEIDARPERSPEKTIVET	14
5.2	ØKONOMIPERSPEKTIVET	14
5.2.1	LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SJUKDOM OG SVANGERSKAP	14
5.2.2	ANDRE KOSTNADER	14
5.2.3	ANDRE INNTEKTER	15
5.2.4	INVESTERINGAR	15
5.2.5	FORVENTA RESULTAT 2019	15
5.3	SPESIELLE HENDINGAR	15
5.4	LØPANDE OPPFØLGJING AV VEDTAK	15

0. INNLEIANDE

Tertialrapport – bakgrunn:

Tertialrapporten er meint å vere ein rein avviksrapport der det som ikkje er kommentert må reknast med å vere under kontroll. Rapporten er utarbeidd på så grovt nivå som mogeleg.

	Ingen avvik
	Avvik, men under kontroll
	Avvik, sak til kommunestyret

Tertialrapport – oppbygging:

Det blir rapportert på følgjande nivå:

- Medarbeidarperspektivet
- Økonomiperspektivet
 - o Løn
 - o Andre kostnader og inntekter
 - o Vesentlege postar utanfor kommunen sin kontroll
- Investeringar
- Spesielle hendingar
- Vedtak

Definisjon av vesentleg avvik:

Rådmannen definerer vesentleg avvik som at Kommunestyret hadde fatta anna avgjerd eller vedtak om dei hadde visst om avviket.


Tertialrapport som ledd i anna rapportering:

Tertialrapporteringa er ei samling av informasjon frå månadsrapportering, men som ein sum pr. april og pr. august. Perioderapportane tek sikte på å gje signal om ev. naudsynlege justeringar av drift, medan årsmeldinga rapporterer historiske avvik. Dess lengre ut i året ein kjem, dess vanskelegare blir det å justere drift.


Kommunestyret skal ha melding om det som ikkje er gjort etter forventningane (eller som er gjort meir enn planen), årsaka til avviket og eige vurdering av kor alvorleg avviket er og om dette kan løysast administrativt.

1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Totalt sjukefråvær 2016 - 2019, måned for måned:



Korttidssjukefråvær 2016 - 2019, måned for måned:



Kommentarar:

Sjukefråværet for heile

1.1 Rådmannen med stab:

Fråværet pr. april totalt på 3,3 %. Av dette er 1,7 % korttidsfråværet. Fråværet er ikkje relatert til arbeidet.

1.2 Kultur og oppvekst:

Samla fråværet pr. april er 10,3 %. Langtidsfråværet er 7,6 % og korttidsfråværet er 2,7 %. Samanlikna med same tid sist år er det prosentvis fleire med lengre fråværet. Etatsleiar har gjennomgått nøye langtidsfråværet som gjer at vi samla kjem så høgt som 10,3%. Verksemdene har sett i verk tiltak der det er mogeleg.

1.3 Helse og omsorg:

Det totale fråværet pr. april er 6,6 %. Av dette er 2,8 % korttidsfråværet. Dette er rekna som eit lågt fråværet for sektoren. Sektoren har uansett stort fokus på fråværet.

1.4 Teknisk

Det totale fråværet pr. mars er rekna til 3,4 % pr. april. Korttidsfråværet er 1,9 % for perioden.

Noko av fråværet er vanskeleg å erstatte med vikarar, eller gjennom omfordeling av oppgåver. Konsekvensen er at ein del oppgåver vert sett ut i tid.

2. ØKONOMIPERSPEKTIVET**2.1 Løn korrigert for refusjon svangerskap og sjukdom - hovudoversyn****Meirforbruk pr. april (sosiale kostnader kjem i tillegg):**

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose + meirforbruk	Forklaring til avvik:
Barnehage		+734.000	2.1.2
Skule inkl. adm. og kulturskole		+740.000	2.1.2
Helse		+535.000	2.1.3
Omsorg		+412.000	2.1.3

Mindreforbruk pr. april (sosiale kostnader kjem i tillegg):

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose - mindreforbruk	Forklaring til avvik:
Rådmann med stab		-164.000	2.1.1
Teknisk		-42.000	2.1.4

Kommentarar:

Avvik som ikkje blir kommentert må reknast med er under kontroll.

2.1.1 Rådmannen med stab:

Alle stillingar er besett, men staben har ein uløna permisjon med 40 % som er med og forklarar mindreforbruket.

2.1.2 Kultur og oppvekst:

Barnehagene: 137.000 er ført med prosjektkoder (prosjekt 396)

Grunnskolen: 253.000 kroner er ført med prosjektkoder (økt lærartetthet m.m.)

- Overforbruk i barnehagen skuldast overtid vakttelefon. Det er gjort endringar i praksis frå tredje tertial. Det er også kostnader knytt til særskilte tiltak som barnehagane får eksterne tilskot til. I tillegg vart det sett inn strakstiltak grunna helsemessige årsakar. Dette fekk verknad fyrste og andre tertial. Det er også venta refusjon for fem tilsette som er i utdanning på tilsaman 125 000 kr.
- Skulane betaler både lærarlønn og vikarlønn for dei som er i utdanning. Vikarkostnaden vert dekkja med tilskot frå staten og vil såleis ikkje føre til auka netto-kostnader. For skulene får vi refundert vikarkostnadar på kr 470 000 kr og desse kjem inn i juni.
- Det er også ein del andre tilskot som skal nyttast til undervisning i særskilte tilfelle. Slike særskilte tilfelle vert ikkje budsjettert korkje som løn eller som tilskot og skal ikkje føre til auka netto-kostnader. Det vil syne som overforbruk i reknskapen.
- Ved ein av skulane vart det sett inn ekstraordinært tiltak frå januar. Dette kom utanom budsjett. Denne våren vil det koma fleire nye, større spesialpedagogiske enkeltvedtak. Med bakgrunn i innsparingstiltaka forsøker skulane å innarbeide dei i ramma, samt flytte ressursar mellom einingar. Sidan vedtaka gjeld elevar på dei ulike skulane kan vi ikkje samordne hjelpa sjølv om det kan gjelde elevar tilhøyrande på same trinn.

2.1.3 Helse og omsorg:

- Helse har eit meirforbruk på kr 535.000, av dette er 285.000 knytt til prosjektmidlar
- Omsorg har eit meirforbruk på kr 412.000, av dette er 136.000 knytt til prosjektmidlar

Helse

Meirforbruket på netto kr. 250.000 i helse-sektoren gjeld i stor grad legetenestene. Dette skuldast m.a. at ein stor del av oppgåvene er knytt til personar som ikkje er busett i Hemsedal og stor aktivitet i kommunen. Dette vil vere knytt til vinter-turisme og vil jamne seg ut over året.

Omsorg

Sektoren har eit meirforbruk på netto 276.000. Heimetenestene har vore nøydd til å knytte til seg ein ekstra person både kveld- og natt for ekstra heimebesøk blant brukarane.

2.1.4 Teknisk

Noko vakans i stilling, elles ingen store avvik å kommentere. Vert delvis kompensert med innkjøp av tenester.

2.2 Andre kostnader

Totalt – andre kostnader pr. april (Rekneskap pr. april 2019 – periodisert budsjett – Rekneskap pr. april 2018)

	R 2019-4	B 2019-4	R 2018-4
Totalt - 11 - Kjøp av varer/tenester til kom	10 101	11 122	10 636
Totalt - 13 - Kjøp av tenester som erstattar	11 556	13 123	11 146
Totalt - 14 - Overføringsutgifter	4 018	4 061	4 299
Totalt	25 675	28 306	26 081

Kommentarar:

Rådmannen har periodisert budsjett frå 2019 og i den grad ein har treft med periodiseringa og kostnadane følgjer vanleg betalingsmønster, så skal ein kunne nytte periodisert budsjett som indikator.

2.2.1 Rådmannen med stab:

Avvika er under kontroll.

2.2.2 Kultur og oppvekst:

Kultur: Tilskot til lag og organisasjonar (kulturmidlar og rusfrie arrangement) er betalt i hovudsak i fyrste tertial, medan periodiseringa er lagt opp til midt i året.

Barnehage: Leige av administrasjonsbrakka er ikkje budsjetttert. Den skulle ha vorte budsjetttert på anna ansvarsområde. Avtala vil opphøyre frå november. Nibbi-avdeliga er også ført på barnehagen sitt ansvar. Dette vil bli retta opp.

Gruppe 11 viser stort forbruk i forhold til budsjett. Dette gjeld matvarer som vert dekkja med brukarbetaling.

Skule m.m:

Gruppe 11: det er ført kostnader her om lag 330 000 kr som vert refundert frå andre kommunar.

Gruppe 14: Totaltbeløpet til Hemsedal sokn på 1 844 000 kr vart overført i januar.

2.2.3 Helse og omsorg:

Det er avvik som gjeld andre kostnader, men dette skuldast i stor grad at vi ikkje har motteke faktura frå barnevernstenestene og NAV Gol/Hemsedal. Vi veit ikkje kor stor desse fakturaene blir.

2.2.4 Teknisk

Ingen spesielle avvik å kommentere ut over å streke under at arbeidet med samfunnsdelen dreg med seg nokon direkte kostnader ein forsøker å dekke over drift.

2.2.5 Finans – anna

Kostnadene til renter og avdrag er i det store i samsvar med berekna, periodisert budsjett. Hemsedal kommune betaler normalt for lite i avdrag i høve til reglar om minste tillete avdrag, dette blir ev. korrigert mot slutten av året. Rentesatsen er stege noko i vår, for nokre lån betaler vi pr. april 2,15 % rente p.a.

2.3 Inntekter

Totalt – andre inntekter pr. april (gjeld postar som ikkje blir beskrive andre stader):

	R 2019-4	B 2019-4	R 2018-4	R 2019- B 2019	R 2019- R 2018
Totalt - 16 - Salsinntekter	-17 156	-17 587	-15 530	431	-1 626
Totalt - 17 - Refusjonar	-1 764	-116	-1 156	-1 648	-608
Totalt - 18 - Overføringsinntekter	-2 292	-2 050	-1 801	-242	-491
Totalt	-21 212	-19 753	-18 487	-1 459	-2 725

Kommentarar:

Det er vanskelig å trekke nokon bastante konklusjonar på inntektene samanlikna med prognose. Dei inntektspostane som avviker er øyremerka tilskot som ikkje blir budsjettert korkje som inntekt eller kostnad.

2.3.1 Rådmannen med stab:

Ingen særskilte avvik pr. dato.

2.3.2 Kultur og oppvekst:

Skule m.m.:

Artsgruppe 16 - Salsinntektene til Kulturskulen er ikkje kome inn

Artsgruppe 17 – refusjonar – gjeld øyremerka tilskot. Tilskotet skal gjelde heile året og dekker følgjeleg berre deler av meirforbruket på området.

Barnehage:

Artgruppe 16 – Salsinntektene gjeld barnehageplass og betaling for mat.

2.3.3 Helse og omsorg:

Ingen spesielle kommentarar pr. dato.

2.3.4 Teknisk

Plan- og byggesaksgebyr ligg noko under budsjett. På planavd. har det vore mange oppstartsmøte med bakgrunn i vedteke kommuneplan. Fakturering skjer etter 1. gongs behandling – når desse kjem er avhengig av utbyggar. Slik ein kjenner utviklinga i bygda vil truleg også 2019 ende med høge inntekter i form av tilknytningsavgiftar. Under eigedom er det i budsjett inntektsført kr. 600.000,- som finansiering over investeringsbudsjettet knytt til investeringar i eigen bygningsmasse. Dette er ei føringsfeil som vert korrigert.

2.3.5 Finans - annet

Inntekter frå bankinnskot vil endre seg litt i samsvar med auka rentenivå. Nettoverknad av eit høgare rentenivå skal ikkje bli dramatisk.

2.3.6 Frie inntekter – skatt og rammetilskot

Skatteinntektene blir rapportert månedleg som eigen informasjon til politisk nivå.

Skatteinntekter og rammetilskot må sjåast i samanheng ettersom høgare skatteinntekter særskilt for Hemsedal vil bety lågare rammetilskot i form av skatteutjamning.

Skatt:

Diagrammet til høgre syner prognosen for budsjett 2019 sett mot reelle skatteinntekter månad for månad.

Skatteinntektene pr. april 2019 er 2,1 % høgare enn tilsvarande periode i 2018, men heile 8,0 % høgare enn prognosen for 2019.

Ei viktig presisering her er at ein normalt ikkje veit noko sikkert om skatteinntektene for heile året før desember.




Rammetilskot:

I høve til førebels prognose for 2019 har Hemsedal kommune pr. april 2019 fått om lag 330.000 meir i rammetilskot. Prognosen kjem til å bli justert i løpet av mai ettersom prognosen ikkje har teke omsyn til rekneskapsåret 2018.

I følge oversyn frå KS skal vi pr. april trekkast 2,7 mill. kroner i såkalla inntektsutjamning, sjå generell kommentar nedanfor. De høyrast mykje ut, men det er det vi kan lese ut frå statistikken.

Dette er ikkje teke omsyn til i sjølve diagrammet.



Generell kommentar:

Skatteinntektene og rammetilskot skal sjåast i samanheng. Så lenge Hemsedal får meir enn skatteinntekter pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet vil ei auke i skatteinntekter ut over det som vart rekna med då statsbudsjettet vart vedteke, bli korrigert i rammetilskotet. Førebels kan vi berre vi anta kor mykje som blir korrigert ved hjelp av ei berekning frå KS. Denne berekninga verkar kunstig høg og negativt for Hemsedal.

2.3.7 Eigedomsskatt

	R 2019-4	B 2019-4	R 2018-4	R 2018-4		R 2019- B 2019	R 2019- R 2018
Skatt på eigedom - næring og kraftverk	-2 664	-3 200	-2 892	-3 713		536	228
Skatt på eigedom - hus og fritidsbustader	-	-	-	-		-	-
Totalt eigedomsskatt	-2 664	-3 200	-2 892	-3 713		536	228

Generelt:

Administrasjonen har i samråd med Statnett AS valt å utsetje fakturering av eigedomsskatt til tvistesaken er løyst. Alternativet hadde vore å sette av inntekt til eit fond. Det er forunderleg at saka ikkje blir løyst etter fleire år i rettsapparatet.

Rådmannen har vurdert at reduserte inntekter på eigedomsskatt kan sjåast opp mot det som fram til no verkar som ei auke i frie inntekter (sjå punkt 2.3.6) og gjer ikkje nokon budsjettsak ut av dette.

2.4 Investeringar

Generelt:

Budsjettet vil auke til nærare 51 mill. kroner når unytta budsjettmidlar frå 2018 blir overført til budsjett 2019.

Prosjekt	Prosjekt-navn	R 2019- pr. april	B 2019	Kommentar
004	Avvik brannstasjon, lager/verksted teknisk	204	0	Unytta midlar frå 2018 dekker kostnader i 2019
005	Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest	25	2 160	
007	Veglys	277	640	Unytta midlar frå 2018 kjem i tillegg
008	Sentralskule med trafikkareal	25	3 000	Unytta midlar frå 2018 kjem i tillegg
025	Bruøyne med friområder	0	100	Anbud syner ein netto meirinvestering på ca. 60.000,-. Tiltaket vert likevel gjennomført.
030	Ombygging vannforsyning i Holdeskaret/Holdebakken	20	0	Skal dekkast over drift – er feilført.
038	Asfaltering Svøo III bustadfelt	0	1 550	
039	Utbreiing Øynevegen - trafikksikring	0	900	Ventar på utbyggingsavtale med utbyggjar.
040	Ny modulbarnehage Ulsåk barnehage - handlingsprogram 2019-2022	0	300	Vert justert etter F-sak 26/19.
042	Salg av tomter	4	0	Takseringskostnad festetomt
046	El-ladestasjon for kommunale biler	118	130	
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	61	1 800	
056	Utviding av returpunkt Holdebakken	0	2 000	
057	Bygdaheimen - Velferdsteknologi - helse - video m.m	0	200	
058	Nytt avløpsanlegg Tuv	55	400	
065	Sansehage Bygdaheimen	21	0	Dekkes vha gåve frå gjevar.
094	Utbetring veg Gjuva - Grøndalsveien	0	1 000	
108	Høgdebasseng Holdebakken	39	6 000	
115	Utvikling av bustadfelt BU7	195	2 950	
125	Tuv barnehage - leikeplassutstyr	0	75	
139	Ny innløppspumpestasjon, utj.og forbehandling på Trøim renseanl.	130	0	Unytta midlar frå 2018 vert overført og finansierer rekneskapsførte kostnader.
142	Etablering gang-/sykkelveg Moavegen-Lauparvegen - F 25/2018	25	0	F-sak 25/18. Overført frå 2018 – dekkast vha ubunde investeringsfond. Kommunen forskotter. Utbyggingsavtale HIAS
143	Utbygging Fiskum (Trøim sør)	0	710	
149	Utbygging Svøo III	575	0	Tilbakekjøp av tomt 57/84.
157	Dagsenter, omsorgsbustader m.m.	0	1 000	
164	EPC	1 337	0	Unytta midlar frå 2018 dekkar rekneskapsførte kostnader.
020	Gamle Venås bru			Unytta midlar overført frå 2018
160	Rehabilitering ledningsnett Ulsåk			Unytta midlar overført frå 2018
113	Gunnkjøp			Unytta midlar overført frå 2018
114	Gunnkjøp BU7	0	8 943	Unytta midlar overført frå 2018
	Totalt	4 223		

Kommentar:

P.nr. 108. Vert bygd leidning i 2019. Prosjektering av høgdebasseng i 2019, medan gjennomføring i 2020-2021.

3. SPESIELLE HENDINGAR

3.1 Rådmannen med stab:

Fråvær ved personalavdelinga har ført til at nokre planlagde revisjonar av rutinar er forseinka. Elles ingen spesielle kommentarar.

3.2 Kultur og oppvekst:

1. Det er sett i verk ekstraordinære tiltak på ein av skulane og det har ført til overforbruk. Dette er eit «ein til ein» tiltak som vil inngå i ny sakkunnigvurdering og kan føre til auka ressursbehov ei tid framover.
2. Det har kome to andre sakkunnigvurderingar som vil krevje større ressursar. Her planlegg vi samarbeid med barnhagen, men like fullt medfører det store ekstra ressursutfordringar for skulane komande skuleår utan at vi kjenner omfanget. Ingen av desse nye tiltaka er det utlyst stillingar for, då vi vurderer innsparingar. Skulane utarbeidar no difor planer der assistentar skal inn i undervisning for å frigjere timar som skal gå til spesialpedagogisk tiltak til dei som har krav om dette. Bruk av assistentar i undervisning er ikkje i samsvar med Opplæringslova. Hadde vore slått saman no, ville vi ha kunna utnytte betre dei ressursane vi er tildelt.
3. Kontorbrakka på Ulsåk barnehage er sagt opp. Etablering av ny paviljong med 24 plassar samt med etasje for kontor, møterom m.m. vil starte opp i slutten av juni.
4. Skulane er med i Veilederkorpset. Det er gjennomført ståstadsanalyse på alle skulane. Ulsåk og Tuv skular har i tillegg hatt ekstern skulevurdering. Tema på Tuv skule har vore Leseopplæring Tema på Ulsåk skule har vore Læringsmiljø. Rapportane vert lagt ut offentleg. Vi har vidare arbeid med Veilederkorpset i 2019-2020.
5. 20% pedagogstilling i barnehagen er lyst ut for å fylle opp pedagognormen. Assistentar vert tilsett etter behov når nye barn kjem inn.
6. Det vil koma refusjonskrav for elevar som er busett i annan kommune. Vi vil måtte betale ein årleg grunnressurs for elevane som tilsvarar 260 000 kr. I tillegg vil det koma ekstraordinært spesialpedagogiske tiltak, men storleiken på tiltaket er enno ikkje kjent.

3.3 Helse og omsorg:

Ressurskrevjande brukarar på Bygdaheimen og heimebaserte tenester har resultert i ekstra bemanning og overtidsbruk. Årsaken til dette er m.a. talet på brukarar legg press på institusjon. Når institusjon har fullt belegg (og litt til) blir det ytterlegare press på heimetenestene. Dette har vore tilnærma permanent dei siste to åra.

Ø-hjelpsplasser ved Hallingdal Sjukestugu er vanskeleg å få nytta ettersom dei ofte er fylt opp, noko som kan forklare presset på heimetenestene i Hemsedal.

Vi merker også ei stor pågang etter tenester frå hyttegjester med behov for tenester frå heimetenestene. Behova kan variere, men kan periodevis krevje sær store tenester.

3.4 Teknisk

Bruk kontroll syner nødvendige utbetringar av brua over Mørkedøla v/ Tuv vassverk og hengebrua over Rjukandefossen. Tiltak vert innarbeida i økonomiplan for 2020.

Sidan den eine drikkevassbrønn v/ Krikken vassverk er defekt må ein forsere arbeidet med å etablert nye produksjonsbrønnar på sørsida av elva, med tilhøyrande elvekryssing. Dette vert eit nytt investeringstiltak som ikkje er innarbeida i budsjett. Bør avsettast inntil kr. 2 mill.

Nytt kommunenr. inneber fleire datasett som må konverterast. Kostnadsoverslag på kva konvertering av kartsystemet vi brukar (GisLine) og matrikkelen vert truleg rundt kr. 150- 200.000,-. Det ligg ikkje budsjett inne til denne summen. Innan landbruksnæringa er det til dømes svære, kompliserte system knytt til produsentregisteret. Det er ikkje avklart om det kjem andre kostnadar i samband med nye kommunenr.

4. VEDTAK

Sjå vedtaksoversyn:

<T:\Hemsedal\Leiargruppe\Tertialrapporter\2019\Vedtak>

4.1 Kommunestyret:

Avvik	Vedtak	Vedtaksstekst	Kommentar
	37/2017	Lag og organisasjonar. Bruksrettavtaler, bruk og utleige av bygga	Delvis vedteke – deler av sake vert teke opp etter avklaringar, jfr. Skulesaka
	66/2017	Utbyggingsavtaler og vidare reiselivsutvikling i Hemsedal	Oppfølging av vedtak vert følgd opp gjennom nye detaljreguleringsplanar. Prosess reforhandling av avtale med HISAS AS er starta – avventar politisk behandling.
	77/2017	Interpellasjon frå Janne Brøndbo (A) til kommunestyret 08.11.2017	Oppmoding om å ta inn elevar i språkpraksis. Det ikkje teke inn tiltak i Budsjett 2018 for å gje ungdom sommarjobb.
	82/2017	Panoramavegen - forespurnad om finansiering av vegutbetring	Sak er fremja ovafor kommunestyret – vert behandla i juni 2019
	90/2017	Framdriftsplan av fyrste byggesteg innan skule og barnehage	Prosessvedtak gjort – vert jobba vidare med oppfølging av saka inn i 2018
	2/2019	Stig- og løypeplan 2015-2018 - Handlingsprogram, rullering 2019	Budsjettjustering 2019 er ikkje gjort, budsjettmidlar 2020 må tenkast spart inn på ordinær drift
	3/2019	Norsk reiselivsfagskole, regional delfinansiering	Budsjettmidlar 2020-2021 må tenkast spart inn på ordinær drift
	10/2019	Masterplan for terrengsykling 2019-2022 - søknad om tilskudd	Budsjettjustering 2019 ikkje gjort. Vi må finne ei løysing på korleis vi fører garanti-beløp. Kva med ev. fase II og seinare?
	13/2019	Utviding av aksjekapital VINN AS Hallingdal	Krev likelydande vedtak av alle deltakerkommuner. Må budsjettjusterast

	19/2019	Logopedtenesta I Hemsedal kommune	Budsjettmidler 2020-2024 må tenkast spart inn på ordinær drift. Dette gjeld både kostnad til utdanning og etter kvart meirkostnad til aktuell logoped
--	---------	-----------------------------------	---

4.2 Formannskapet

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	13/2019	Lith AS – søknad frå næringsfondet	Utsett
	21/2019	Norske tindeveglederes fagskole - Støtte til forprosjekt	Bruk av næringsfond – 263.000 – forutsetning positivt støtte frå Buskerud Fylkeskommune og at skolen etableres i Hemsedal kommune

4.3 Hovudutval for Livsløp

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	3/2019	Hemsedal kommune sitt legat, utdeling av midlar 2019	Administrasjonen beder om å få gjort om på vedtektene

5. Rådmannen sine konklusjonar pr. 1. tertial

5.1 Medarbeidarperspektivet

Sjukefråværet er lågt i høve til dei aller fleste andre kommunane i landet. Eit fortsatt fokus på området er likevel viktig for å kunne gje brukarane dei tenestene som dei har krav på.

5.2 Økonomiperspektivet

5.2.1 Løn korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap

Verksemdene har forklaringar på meir- eller mindre-forbruk av løn. Rådmannen peikar på at budsjettet er styrande for aktiviteten. Meir-forbruk ein periode må verksemdene justere med mindre-forbruk seinare i budsjettåret.

Avvika pr. april er likevel så store at dei må oppfattast som tilnærma kritiske. Ev. tiltak for å korrigere meirforbruket må setjast i verk straks. Dess lenger ein venter med justering, dess meir alvorleg blir korreksjonen.

5.2.2 Andre kostnader

Dei store kostnadene vil i nokon grad ha forskjellig forfall frå år til år. Det burde vere likt, men alle verksemdar har sine måtar å berekne forfall på. Det har vore lagt ned eit stykke arbeid for å periodisere budsjett i høve til kunnskap om forfall og erfaring frå tidlegare år. Periodiseringa ser ut til å vere ganske bra vurdert og avvika har ei grei forklaring.

Rådmannen har ikkje særskilte kommentarar til andre kostnader pr. april.

5.2.3 Andre inntekter

Dei store inntektene vil i nokon grad vere lettare å vurdere år for år så lenge kommunen sjølv sender ut refusjonskrav og rekning. Ei utfordring er tilkoplingsgebyr som er avhengig av byggeaktiviteten og når bygg blir teke i bruk, samt eksterne tilskot.

Frie inntekter ligger noko over prognose, men normalt vil ein ikkje kunne vere sikker før i desember når skattemånaden november er kjent.

Eigedomsskatt har pr. dato mindre-inntekt, men det skuldast også at Statnett AS fortsatt ikkje er fakturert i påvente av endeleg oppgjer om eigedomsskatt for perioden 2010 – 2018.

Meir-inntekter (eller mindre-inntekter) på sjølvkostområdet (t.d. tilkoplingsgebyr) er kompliserte å ta omsyn til. Desse inntektene har ikkje noko med normal drift å gjere og skal ev. setjast av til sjølvkostfond eller brukast av d.s. Men, inntektene kompliserer rekneskapsbegrepa.

5.2.4 Investeringar

Som rådmannen har peika på tidlegare er viljen til å investere betydeleg høgare enn evna til å gjennomføre. Det er liten vits i å budsjettere store investeringar og gjere låneopptak for å finansiere desse dersom dei blir utsett. Rådmannen har til hensikt å finansiere kostnader til infrastruktur-tiltak med bruk av kapitalfond.

5.2.5 Forventa resultat 2019

Det er dristig å meine noko om resultatet for 2019 når berre fire månader er lagt bak oss. Det er likevel veldig mykje som talar for at rekneskapsåret 2019 – pr. april – er noko dårlegare enn same periode 2018 og at 2018-rekneskapstala var meir representativt for verksemda enn åra før. Netto driftsrekneskap 2018 korrigert for spesielle inntekter for året 2018 var i realiteten negativt.

Vi har fått noko høgare frie inntekter i form av auka skatt i høve til prognose (kor mykje vi beheld gjennom året veit vi ikkje pr. i dag, men eit anslag tyder på at vi vil kunne nå budsjett-anslaget og ikkje særleg meir). Det er viktig å vere klar over at det ikkje er særleg stor auke i skatteinntekter samanlikna med same periode 2018. Det er motsett av kva andre kommunar opplever.

Samstundes brukar oppvekst og omsorg meir pengar enn det dei har fått i budsjettet. Kommunestyret har vidare vore positive til fleire tiltak som både påverkar 2019, men også åra framover.

Vi må arbeide for å få kontroll på pengebruken på omsorg og oppvekst, samtidig med at kommunestyret bør unngå å innføre nye driftstiltak det ikkje er budsjettert med. Om vi ikkje lykkast med dette, vil vi risikere ei ganske hard realitetsorientering om kort tid.

5.3 Spesielle hendingar

Dei einskilte verksemdene har skrive særskilte hendingar som har hendt i budsjettåret. Desse får stå for seg sjølv, men rådmannen vil minne om at nye behov ikkje vil kunne dekkast av nye budsjettmidlar. Rådmannen har lagt opp til ei nøktern drift i samsvar med forventa inntekter i vedteke budsjett 2019. Vidare er rådmannen pålagt å koma med framlegg om endring i drift som totalt vil gje 6 millionar kroner i redusert netto-driftsbudsjett frå 2020. Dette vil sette ytterlegare press på korleis verksemdene kan tenke seg at nye oppgåver blir løyst. Endringsvilje er eit stikkord.

5.4 Løpande oppfølging av vedtak

Kommunestyret og fagutvala gjer ein del vedtak gjennom året. Desse blir følgd opp så godt som råd med dei ressursane som er tilgjengeleg. Desse er synt til i punkt 4. Ingen av avvika er definert som kritiske.